



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Dalsfjorden, Volda Rådhus  
**Dato:** 11.02.2019  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Leiar	SP
Kari Gamlem	Nestleiar	
Solfrid Nautvik	Medlem	
Stein Conradsen	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Reidar Egset Haug	Medlem	AP

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 6/19	Orienterings- og drøftingssaker
OS 2/19	Orientering om handikapinngang ved Volda kyrkje
OS 1/19	Behov for rullestolparkering på ferger - Svar til uttale frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne i Volda kommune
PS 3/19	Årsmelding 2018 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne
PS 4/19	Skiltplan for del av Volda sentrum - offentlig ettersyn
PS 5/19	Uttale frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne til nybygg i Volda kommune



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Det var fire røysteføre ved møtestart.

#### **Innkalling:**

Det var ingen merknadar til innkallinga.

#### **Sakliste:**

Leiar Sølvi Dimmen ber om at saklista blir som følgjer:

Først PS 1/19 og PS 2/19. Deretter går ein over til orienteringssakene, PS 6/19, OS 2/19 og OS 1/19 før resten av dei politiske sakene blir i stigande rekkefølje.

#### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med endringar frå Dimmen, vart godkjent.

### **PS 2/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå forrige møte 19.11.2019.

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå forrige møte 19.11.2018 var godkjent.

### **PS 6/19 Orienterings- og drøftingsaker**

### **OS 2/19 Orientering om handikapinngang ved Volda kyrkje**

#### **Handsaming:**

Kyrkjeverje Jostein Stråbø orienterte om handikap-inngong ved Volda kyrkje og problematikken dei har hatt rundt dette. Han svarte på spørsmål frå rådet om tidsplan og universell utforming både utanfor og inne i kyrkja.

### **OS 1/19 Behov for rullestolparkering på ferger - Svar til uttale frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne i Volda kommune**

#### **Handsaming:**

Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne drøfta saka.

### **PS 3/19 Årsmelding 2018 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Årsmelding 2018 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til vitande.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Årsmelding for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2018 vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne - 11.02.2019:**

*Årsmelding 2018 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til vitande.*

#### **PS 4/19 Skiltplan for del av Volda sentrum - offentlig ettersyn**

##### **Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

### **Handsaming:**

Leiar Sølvi Dimmen fremma følgjande fellesframlegg frå FUNK:

*FUNK støttar framlegg til skiltplan med følgjande merknadar:*

- *Lysregulert fotgjengar-overgang på E-39 ved ferja.*
- *Heva skilt for HC-parkering.*
- *Tydlegare merka/heva overgangsfelt på E-39.*
- *Sikre tydlegare overgangsfelt ved SkoOlsen, anten ved fortrinnsvis merka og heva overgangsfelt, eller fysisk stenging.*

#### **Røysting:**

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne - 11.02.2019:**

*FUNK støttar framlegg til skiltplan med følgjande merknadar:*

- *Lysregulert fotgjengar-overgang på E-39 ved ferja.*
- *Heva skilt for HC-parkering.*
- *Tydlegare merka/heva overgangsfelt på E-39.*
- *Sikre tydlegare overgangsfelt ved SkoOlsen, anten ved fortrinnsvis merka og heva overgangsfelt, eller fysisk stenging.*

#### **PS 5/19 Uttale frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne til nybygg i Volda kommune**

### **Handsaming:**

Leiar Sølvi Dimmen fremma følgjande fellesframlegg frå FUNK:



## VOLDA KOMMUNE

*Ved dei planlagde nybygga i Volda (skule, kulturhus, idrettshall m. m.) vil FUNK at ein legg vekt på gode løysingar for universiell utforming både for rørslehemma og synshemma. FUNK vil minne om at det også må takast omsyn til sikring/varsling og framkommelegheit i byggeperioden.*

### **Røysting:**

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne - 11.02.2019:**

*Ved dei planlagde nybygga i Volda (skule, kulturhus, idrettshall m. m.) vil FUNK at ein legg vekt på gode løysingar for universiell utforming både for rørslehemma og synshemma. FUNK vil minne om at det også må takast omsyn til sikring/varsling og framkommelegheit i byggeperioden.*

FUNK etterspør plan og metodikk for den planlagde evalueringa av PP-tenesta.

Møte slutt 15:30.

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
11.02.2019

Sunniva Utnes  
Konsulent